



At stadig fleire satsar på flisleggjing er også eit uttrykk for velstandsutviklinga som er på gang.

Det gjeld å vera ajour med tida for dei som har noko å selja og no har Trelastlageret/Byggeriet opna ei eiga flisavdeling i lokalane sine i sentrum.

Avdelinga er på 30 kvadratmeter og ligg i dei tidlegare kontorlokala til Norgeshus/Frode Bu.

Han har på si side flytta inn i lokala på enden av bygget, der Dagestad hadde rammebutikken sin.

Kåre Guddal (biletet) slår fast at det er aukande spørsmål etter flisprodukt av alle slag, til flisleggjing av både entrear, kjøken og baderom. No er dei betre rusta til å tilfredsstilla kundane.

(Foto: Ola Matti Mathisen)